KONKURRANSEREGLAR

Konkurranse for anskaffing av veterinærvakttenester i veterinærvaktdistrikta Haram og Ørskog

Frivillig kunngjering etter FOA del 1

INNHALD

1 GENERELL SKILDRING ... 3

1.1 OM OPPDRAGSGJEVAR ... 3
1.2 FØREMÅLET MED KJØP AV TENESTA ... 3
1.3 INNDELING OG OMFANG ... 3
1.4 KONTRAKTPERIODE OG SUPPLERING ... 4
1.5 OPPBYGGING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET ... 4
1.6 TIDSFRISTAR ... 4

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN ... 5

2.1 REGELVERK SOM GJELD OG ANSKAFFINGSPROSEDYRE ... 5
2.2 KUNNGJERING OG MELDING OM INTERESSE ... 5
2.3 TILLEGGSOPPLYSNINGAR ... 5
2.4 RETTINGAR, SUPPLERINGAR ELLER ENDRING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET ... 5
2.5 OFFENTLEGLOVA ... 6
2.6 KONFIDENSIALITET ... 6
2.7 VEDSTÅINGSFRIST ... 6

3 OBLIGATORISK KRAV ... 6

4 KVALIFIKASJONSKRAV ... 6

4.1 LEVERANDØRENS ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING ... 6
4.2 LEVERANDØRENS TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONAR ... 7

5 TILDELINGSKRITERIUM ... 7

6 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING ... 7

6.1 INNLEVERING AV TILBOD ... 7
6.2 UTFORMINGA AV TILBODET ... 8

7 VEDLEGG ... 8

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Haram kommune.

Anskaffinga omfattar vaktavtale for dei to veterinærvaktdistrikta Haram og Ørskog. Haram kommune er vald til å administrerer begge vaktdistrikta.

Odin Prosjekt AS administrerer konkurransegjennomføringa på vegne av Oppdragsgjevar. Kontaktperson for gjennomføring av prosessen er:

Namn:	Gry Loftesnes
E-post:	gry@odinprosjekt.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen gjennom det elektroniske innkjøpssystemet Mercell CTM, heretter kalla KGV.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar når det gjeld konkurransen enn nemnde kontaktperson over.

1.2 Føremålet med kjøp av tenesta

Kommunane har ansvar for å organisere ei klinisk veterinærvakt. Ordninga med veterinærvakter er etablert i samsvar med lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell § 3 a.

Ordninga med veterinærvakter skal sikre at det i kommunal/interkommunal regi vert etablert klinisk vakt for veterinærar i alle delar av landet slik at naudsynt veterinærhjelp kan skaffast utanom ordinær arbeidstid. Veterinærvakta er ein naudsynt del av vernebuinga mot alvorlege smittsame dyresjukdommar og viktig for å oppretthalde god dyrevelferd.

1.3 Inndeling og omfang

Anskaffinga omfattar to delkontraktar, ein for kvart veterinærvaktdistrikt:

- Delkontrakt 1 – Haram veterinærvaktdistrikt
- Delkontrakt 2 - Ørskog veterinærvaktdistrikt

Tilbydar kan levere tilbod på ein eller begge delkontraktene. Dersom ein leverandør har fleire veterinærar som er ønskt inn i ein eller begge ordningane, kan leverandøren levere inn fleire tilbod, kvart tilbod med ein namngjeven veterinær.

Dersom ein leverandør tilbyr fleire veterinærar, vert kvar veterinær rekna som eit eige tilbod. Namnet skal gå fram av tilbodsskjema, jf. vedlegg 1.

Kvart einskilt tilbod vil så bli vurdert som eit sjølvstendig tilbod og bli vurdert opp mot alle andre tilbod som kjem inn i konkurransen, basert på tildelingskriteriet i konkurransen, jf. punkt 5.

I 2026 er det statlege vakttillegget NOK 1 074 313 for kvart vaktdistriktet.

For delkontrakt 1 Haram er det i tillegg gjort politisk vedtak om ekstra bevilling på kr. 633 432,- per år (justert i 2026).

I tillegg vert det tildelt eit administrasjonstillegg på kr. 37 267, - per veterinærvaktdistrikt, dersom ein av veterinærane tek på seg administrasjonsansvaret.

Samla vakttilskot for begge delkontraktane, inkludert ekstra kommunalt tilskot for delkontrakt 1 er estimert til å være under EØS-terskelverdi over fire år.

Dei veterinærvaktordningane det her vert søkt veterinærar til, er eit framhald av eksisterande vaktordningar. Vaktordningane gjelder frå 16.00 – 08.00 på kvardagar og i helger og på heilag- og høgtidsdagar. Vaktordningane i kvart distrikt tilseier at det bør inngåast 3-4 vaktavtalar per distrikt.

Meir informasjon om føremålet med kjøp av denne tenesta, omfanget av den og om vaktdistrikta kjem fram av bilag 1 Kravspesifikasjon.

1.4 Kontraktperiode og supplering

Kontrakten varer i 4 år, med oppstart 01.01.27.

For å dekkje opp behovet for veterinærar i vaktordninga, tek oppdragsgjevar atterhald om å gjennomføre suppleringskonkurransar når som helst i løpet av avtaleperioden. Supplerte kontraktar har same sluttdato som den opphavelege sluttdatoen 31.12.2030.

1.5 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er delt i to deler. Del 1 inneheld dokument knytt til gjennomføring av konkurransen. Del 2 inneheld kontrakt med bilag.

Del 1:

VEDLEGG	INNHALD
	Konkurransereglar (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Tilbodsbrev

Del 2:

VEDLEGG	INNHALD
	Vaktavtale med standard kontraktsvilkår
Bilag 1	Oppdragsgjevars kravspesifikasjon
Bilag 2	Leverandøren sitt tilbod
Bilag 3	Formular ved tildeling av støtte - utfylt

1.6 Tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	18.06.26

Tilbodsfrist	23.06.26, kl. 12:00
Evaluering og eventuell dialog	Veke 26
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 26/27
Kontraktsinngåing	Veke 32
Vedståingsfristen for tilbodet	30.08.26 kl. 23:59
Oppstart ny kontrakt	01.01.27

Ein gjer merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er mellombels og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Regelverk som gjeld og anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) nr. 73 og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I.

Tenesta er dyrlegeteneste som har CPV kode 85200000. Etter FOA vedlegg 3 er dette ei helse- og sosialteneste. Anskaffinga vert grunna verdi regulert av FOA del I.

Oppdragsgjevar kan velje å foreta avklaringar eller forhandlingar ved behov, men har ingen plikt til å gjere dette. Leverandør vert difor anbefalt å gje sitt beste tilbod i fyrste omgang.

Leverandøren blir på det sterkaste oppmoda til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV.

2.2 Kunngjering og melding om interesse

Dette er ein konkurranse etter FOA del I som er publisert som ei frivillig kunngjering i Doffin. For at oppdragsgjevar skal ha oversikt over kven som er interesserte i å delta i konkurransen og for at det skal vere mogleg å sende ut eventuelle tilleggsopplysningar til deltakarane, må aktuelle deltakarar melde si interesse for konkurransen i KGV. Dersom ein ikkje melder si interesse, vil ein ikkje få melding om eventuelle tilleggsopplysningar og suppleringar av konkurransegrunnlaget. Dette er i så tilfelle den aktuelle deltakar sin eigen risiko.

2.3 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan ein be om tilleggsopplysningar via KGV. Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber ein om at dette vert formidla gjennom KGV.

2.4 Rettingar, suppleringar eller endring av konkurransegrunnlaget

Innan utlaupet av tilbodsfristen har oppdragsgjevar rett til å gjere rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter. Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget vil bli sendt til alle som har meldt interesse for konkurransen jf. punkt 2.2.

2.5 Offentleglova

For allmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og deira tilsette pliktar å hindre at andre får adgang og kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil vere av konkurransemessig betyding å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane skal levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

2.6 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjend med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova, jf. lova 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå punkt 2.5.

2.7 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt.1.6.

3 OBLIGATORISK KRAV

Krav	Dokumentasjonskrav
Norsk leverandør skal ha ordna forhold når det gjeld betaling av skatt, arbeidsgivaravgift og meirverdiavgift..	Skatteattest (for verksemda/ enkeltføretaket), ikkje eldre enn 6 mnd. Sjå https://www.skatteetaten.no/skjema/opplysninger-om-skatt-og-avgift/ Attesten skal leverast saman med tilbodet.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

4.1 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Føretaket skal vere lovleg registrert.	Attest frå Føretaksregisteret, dokumentasjon skal leverast saman med tilbodet

4.2 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Dersom leverandøren er eit enkeltmannsføretak skal innehavaren vere autorisert veterinær. Dersom leverandøren er eit føretak, skal den veterinæren / dei veterinærane som skal utføre vaktene på vegne av selskapet vere autorisert veterinær(ar).	Dokumentasjon på autorisasjon for veterinæren skal leverast saman med tilbodet.

5 TILDELINGSKRITERIUM

Prisen for vakttenesta er fastsett gjennom statlege ordningar og eventuelle kommunale tilskot. Det skal difor ikkje gjevast tilbod på pris, og prisen skal difor heller ikkje takast opp til forhandling. Tildelinga skjer på basis av kva for tilbod som er best, basert på følgjande tildelingskriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Kompetanse og erfaring Omfang av relevant kompetanse og erfaring frå klinisk veterinærpraksis og veterinærvakt, med behandling av produksjonsdyr (ku, sau, geit, hest og gris), og kjæledyr. Relevant erfaring vert tillagt størst vekt.	100 %	Legg ved CV, som minimum bør innehalde informasjon om følgande: • relevant utdanning • relevant etter- og tilleggsutdanning, og relevante kurs • relevant arbeidserfaring Informasjon i CV må kunne dokumenterast på førespurnad.

Evalueringa vert gjort basert på oppdragsgjevar si vurdering av innlevert dokumentasjon.

6 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

6.1 Innlevering av tilbod

Tilbod skal leverast elektronisk via KGV innan tilbodsfristen. Tilbod som kjem inn for seint vil bli avviste Systemet tillèt heller ikkje å sende inn tilbod elektronisk via KGV etter tilbodsfristens utløp.

Innlogging/registrering skjer via KGV - Mercell CTM.

Ved spørsmål om bruk av Mercell CTM, kontakt brukarstøtte på telefon +47 23 96 00 10 eller e-post kgv@eu-supply.com

Tilbodet skal vere datert og signert av ansvarleg representant.

Tilbydar dekker sjølv sine tilbodskostnadar.

6.2 Utforminga av tilbodet

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svara på / skildra og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsskjema (vedlegg 1)
- Skatte- og MVA-attest
- Firmaattest/ registerattest
- Autorisasjon
- Dokumentasjon (CV) som er naudsynt for at oppdragsgjevar skal kunne vurdere tilbodet i høve til tildelingskriteriet, sjå pkt. 6.
- Eigenfråsegn om mottak av offentleg støtte, sjå kravspesifikasjonen pkt. 6. (Formular ved tildeling av støtte – Bilag 3)

7 Vedlegg

- Del 1 Vedlegg 1: Tilbodsskjema
- Del 2 Vaktavtale med standard kontraktsvilkår
- Del 2 Bilag 1 Kravspesifikasjon
- Del 1Bilag 3 Formular ved tildeling av støtte